

Samarbeid om digital formidling i Vestland fylke

Grind.no og Kulturhistorisk leksikon på same plattform.

Innleiing.....	2
Bakgrunn for samarbeidet og felles utgangspunkt	2
Samkøring av to digitale tenester.....	2
To alen av same stykke	3
Redaksjon	4
Språk	4
Innhaldsproduksjon.....	4
Brukarmedverknad	4
Aktuelle målgrupper	5
Økonomi:.....	5
Budsjett:	6
Eksisterande og tidlegare finansiering:	6
Ny teneste nytt namn og ny grafisk profil	6
Prosjektorganisering.....	7
Prosjektmål.....	8
Overordna mål	8
Kvalitetsmål	8
Innhaldsmål	8
Digital plattform og synleggjering av tenesta	8
Kva må ein krevje av ei ny fellesløysing?.....	8
Web-venleg format	9
Målgruppetilpassing	9
Funksjon og struktur	9
Hovudfunksjon 1: Finn i kart	9
Hovudfunksjon 2: Søk	10
Forenkle sideoppsettet	10
Synleggjering og formidling.....	10
Oppsummering og tilråding.....	11
Vedlegg: Skisser/mock-up.....	12

Innleiing

Vestland fylkeskommune v/avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon arkiv og Universitetet i Bergen v/Universitetsmuseet ønskjer å inngå eit langsiktig samarbeid om digital formidling av natur- og kulturhistorie i Vestland fylke. For å dekke heile fylket på ein best mogeleg måte ønskjer ein å samle eksisterande ressursar i ein felles digital inngang til natur- og kulturhistoria i Vestland.

For å oppnå dette har dei to partane gjennomført eit forprosjekt. Konklusjonane frå dette arbeidet gir råd om korleis og på kva premiss ein skal jobbe med digital formidling med utgangspunkt i tenestene Grind.no og Kulturhistorisk leksikon.

Bakgrunn for samarbeidet og felles utgangspunkt

Vestland har mykje unik natur- og kulturhistorie. Det må vere ei målsetjing at flest mogeleg kjenner denne og forstår korleis vi er forma av historia vår, både lokalt og heilskapleg. Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen har begge ei målsetjing om, og eit ansvar for, å forvalte og formidle kunnskap om vår felles natur- og kulturarv, den historiske plattforma som regionen vår er bygd på.

Fylkeskommunen har ansvar for at historia vår vert teke vare på, gjort tilgjengeleg og formidla som del av ein samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Universitetet i Bergen, saman med andre forskings- og utdanningsmiljø i Vestland, har til oppgåve å forvalta og utvinna ny kunnskap og formidla denne til samfunnet.


Digital formidling av natur- og kulturminne har vore ei viktig satsing både for fylkeskommunen og universitetet. Dei to eksisterande tenestene Grind.no (www.grind.no, UiB frå 2009) og Kulturhistorisk leksikon (leksikon.fylkesarkivet.no, Fylkesarkivet, frå 1998) har mykje til felles, og presenterer natur- og kulturhistoria frå dei to tidlegare fylka på ein god måte.

Samkøyring av to digitale tenester

The screenshot shows the Grind.no website interface. At the top, there is a navigation bar with links for 'Kontakt oss', 'Kilder', 'Om Grind', and accessibility options ('AAA'). Below the navigation is a search bar with the placeholder 'Søk...'. The main content area features a large image of a small wooden cabin on a rocky shore at sunset, with the word 'Austevoll' visible in the bottom left corner. In the bottom right corner of the image, the 'GRIND' logo is present. Below the image is a map of the Hordaland region, showing various locations with numbered markers (e.g., 1, 2, 3, 11, 14, 176, 43) and green shaded areas representing different regions or protected areas. On the far left of the map, there are zoom controls (+, -, ×, and a location pin icon). The map also includes labels for 'Innlandet', 'Viken', and 'Oslo'.

Grind.no er UiB sin nettportal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø i Hordaland, henta frå forskingsmiljøa ved UiB og andre forskingsmiljø i regionen. Det har nyleg vorte gjort ein jobb for å tilpassa både innhald og teknisk løysing til å skulle dekke

Vestland fylke. Grind.no har eit kultur- og naturgeografisk perspektiv, der fagstoffet i stor grad er kartfesta slik at brukaren kan orientera seg via mobile karttenester, henta ned og dela tekst og bilete via sosiale media. Grunnlaget for Grind.no er dei to kunnskapsbøkene om Hordaland: Kulturhistorisk vebok (1993) og Naturhistorisk vebok (2004). Bøkene inneholder pedagogiske tema-artiklar, kombinert med naturhistoriske og kulturgeografiske presentasjonar av landskap og lokalitetar i kommunane.



Kulturhistorisk leksikon er ein nettportal for formidling av kulturhistorie, kulturminne og aktuelle hendingar frå Sogn og Fjordane i form av populærvitskaplege artiklar. Artiklane er skrivne av folk ved arkivet, ved musea, i kommunane med meir. Kulturhistorisk leksikon skal fungere som døropnar og vegvisar vidare inn til samlingar og kjelder for dei som vil fordjupa seg meir. Mykje av innhaldet er presentert i kart, og det har vorte starta eit arbeid med implementering av semantisk teknologi, som skal gjere det mogeleg å knyte innhald frå denne sida til anna digitalt materiale gjennom ein felles ontologi.

Arbeidet med Kulturhistorisk leksikon byrja i 1998 og var eit samarbeid mellom Fylkesarkivet og alle dei 26 kommunane i fylket. Kommunane arbeidde ut lister over kulturminne som dei gjerne ville ha skrive artiklar om. Kommunane samla også grunnlagsstoff som vart levert til Fylkesarkivet. Kommunane har vore sterkt involvert i utval og dei har delteke i finansiering av innhaldet. Kulturhistorisk leksikon vart lansert for publikum 29. september 1999 under namnet Kulturhistorisk Atlas-Leksikon for Sogn og Fjordane, og vart etter nokre få år ein del av den vanlege drifta av fylkesarkivet.

To alen av same stykke

Dei to nettressursane har mykje til felles sjølv om det òg er markante skilnader. Det er eit mål å kombinere dei to tenestene og skape ei felles formidlingsløysing for natur- og kulturhistorie i Vestland. Den mest aktuelle løysinga er å halde fram med den eksisterande Drupal-løysinga som grind.no brukar i dag, og justere, tilpassa og oppdatere denne. Dette er spesielt aktuelt sidan fylkesutvalet i Hordaland i 2019 løvde fondsmidlar til grind.no som mellom anna er nytt til tilpassing til nye kommunar og regionar i Vestland fylke, samt noko innhaldsproduksjon knytt til kommunar og stadar i tidlegare Sogn og Fjordane. Det vil krevje tid og ressursar å einast om og byggje opp både struktur og nytt innhald som kan dekkje begge tenestene både tematisk og geografisk. Identiteten

til den nye tenesta må spegle eit likeverdig samarbeid mellom partane. Men dette arbeidet vil lønne seg på sikt om ein kan samlast om ei felles teneste med ein redaksjon.

Redaksjon

Ein fellesredaksjon må ha representantar frå fylkesarkivet i Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen. I tillegg til dette kan ein vurdere å invitere inn andre strategiske samarbeidspartar i ein redaksjon.

Språk



Vestland er kjerneområdet for nynorsk. Vestland fylkeskommune ønsker å fremje eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk. Det er viktig å vise fram nynorsk som fullgodt språk også innan digital tekstformidling. Ved å vidareføre og styrke den digitale satsinga på natur- og kulturformidling på nynorsk, vil samarbeidsprosjektet også støtte opp under dette.

Innhaldsproduksjon

Tilsette ved Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen er viktige innhaldsleverandørar i dag, og skal halde fram med å skrive tekstar til ei eventuell fellesløysing. I tillegg er det etablert innleiande kontakt med Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal om innhaldsproduksjon for å dekke heile den nye regionen. Dette vert dels finansiert med fylkeskommunale midlar frå 2019, tildelt med tanke på tilpassing til det nye fylket.

Ein del innhaldsproduksjon vert dekka av eigenproduksjon og strategiske samarbeid. Men ein må på sikt rekne med å måtte bruke ein del midlar på å honorere eksterne skribentar. Ut over dette er det ønskjeleg å samarbeide med andre for å få inn relevante artiklar, som kommunar, museum og arkiv i Vestland, sogelag, reiselivslag osb

Brukarmedverknad

Sogelag, institusjonar og andre kan kome med innspel til kulturminne, hendingar, historiske personar mm. som bør formidlast. Det er også rom for at eksterne kan skrive tekstar til publisering, i tråd med strenge retningslinjer og under redaksjonell oppfølging.

Det vil vere naturleg å be kommunane kome med innspel til kva av den lokale natur- og kulturhistoria dei ønskjer å løfte fram. Ein innloggingsfunksjon, som allereie ligg inne på grind.no, opnar for at tenesta kan fungere som eit prosjektverktøy i skuleverket eller for lokale sogelag. Ved å registrere seg og logge seg på som brukar kan ein skrive artiklar som berre vert synlege for redaksjonen, ein sjølv og for andre brukarar som også har logga seg på. Dette kan opne opp for meir medverknad i form av artikkelskriving, ved at redaksjonen kan velje å publisere spesielt gode artiklar.

Aktuelle målgrupper

Målgruppene for ei ny felles formidlingsløysing vil spenne vidt:

- Ålmenta
- Aktørar innanfor kulturfeltet
- Aktørar innanfor reiseliv, fritid og turisme
- Aktørar innanfor utdanning og skule
- Kommunar, fylkeskommunar og statlege organ

For å nå ut til flest mogeleg må ein ha ein god strategi for deling og synleggjering av innhald gjennom sosiale medium, samarbeidspartnarar og andre medium som til dømes lokalaviser. Eit av måla er også å tilby opne lenka data og mest mogeleg innhald publisert under fri lisens (creative commons). Dette vil gjere det mogeleg for andre å bygge nye tenester basert på innhaldet i plattforma.

Økonomi:

Ved ein fusjon av dei to tenestene kjem oppstarts- og omleggingskostnader knytt til mellom anna:

- sikring, tilpassing og flytting av eksisterande innhald
- samkjøring og tilpassing av metadata og vokabular/ontologi
- ny felles logo og grafisk design
- innhaldsproduksjon og -publisering
- møteverksemd redaksjon/forfattarsamling

Ei aktuell løysing er å halde fram med og tilpasse den eksisterande drupal-løysinga som grind.no kører på i dag. Dette vil i så fall bety mindre kostnad til teknisk utvikling. Med ei ny fellesløysing er det då berre ei teneste å halde ved like, i staden for to. Kostnad til drift, vedlikehald og teknisk utvikling vert dermed noko mindre på sikt. Samtidig vil tilsette både ved UiB og i fylkeskommunen kunne jobbe med innhaldet og løysinga, noko som også vil kunne redusere tida kvar av partane nyttar på dette. Universitetet i Bergen har allereie sett av personressursar tilsvarande eit halvt årsverk til drift og utvikling av Grind.no som vil kunne vidareførast inn i ei sams teneste. I tillegg til ressursar brukt på Kulturhistorisk leksikon, vil seksjon arkiv også omdisponere arbeidstid brukt på magasinet Kjelda som også har vorte avvikla. Med dette vil fylkeskommunen dekke eigeninnsats i form av lønsmidlar.

Etter at den nye tenesta er på plass må begge partane bidra med eigne ressursar, men det vil og vera naudsynt å øyremerka løvingar til dekning eksterne kostnader til vidareutvikling og innhaldsproduksjon, i storleik kr. 300.000 i året. Vi presenterer eit forslag, men ser også at dette må evaluerast og justerast i dei ordinære budsjettprosessane når ein ser korleis tenesta og samarbeidet fungerer i praksis.

Budsjett:

Investeringskostnad, delt mellom UiB og VLFK (2021/2022)

Universitetet i Bergen	kr. 500 000
Vestland fylkeskommune	kr. 500 000

Sum:	kr. 1 000 000
------	---------------

Driftsbudsjett per år frå 2022, totalt for UiB og VLFK

Universitetet i Bergen	kr. 500 000
- Administrasjon, redaksjonelt innhald, innhaldsproduksjon kr. 400 000	
- Teknisk utvikling, drift og vedlikehald kr. 100 000	

Vestland fylkeskommune	kr. 500 000
------------------------	-------------

- Administrasjon, redaksjonelt innhald, innhaldsproduksjon kr. 300 000	
- Teknisk utvikling, drift og vedlikehald kr. 200 000	

Sum:	kr. 1 000 000
------	---------------

Eksisterande og tidlegare finansiering:

Kulturhistorisk leksikon er drifta av kulturavdelinga i fylkeskommunen ved seksjon arkiv og finansiert av fylkeskommunale løyvingar. Fylkeskommunen har ikkje eit eige driftsmiljø, så drift og vedlikehald vert gjennomført av eksterne konsulentar. Sida må gjennom ei større teknisk oppgradering om den skal vidareførast på eia hand.

Personalressursar ved seksjon arkiv jobbar med å følgje opp tenesta.

Grind.no er drifta av Universitetet i Bergen, som også har finansiert konvertering av materiale frå Kultur- og Naturhistoriske vegbøker for Hordaland til web og mobil, og noko omsetjing til engelsk. Vegbøkene vart i si tid finansierte av Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune med fleire. Grind er tilpassa den nye fylkes- og kommunestrukturen, men må oppgraderast teknisk og funksjonelt innan utgangen av 2022 for å vera framtidsretta og driftssiker (då eksisterande versjon av CMS plattforma Drupal ikkje lenger vil bli supportert).

I 2019 løyvde fylkesutvalet i Hordaland fondsmidlar til digital formidling gjennom grind.no. Denne løyvinga er mellom anna nytta for tilpassing til nye kommunar og regionar i Vestland fylke. Den har òg finansiert noko innhaldsproduksjon knytt til kommunar og stadar i tidlegare Sogn og Fjordane. Universitetet i Bergen gjennom Universitetsmuseet har på si side sett av personalressursar til drift og vidare utvikling av tenesta.

Ny teneste nytt namn og ny grafisk profil

Prosjektgruppa meiner at det er strategisk og driftsmessig fornuftig å samkøyra dei to eksisterande tenestene på ei sams teknisk plattform, bygd på dagens Grind.no. I praksis vil dette verta ein ny publikumsportal og ein ny publiseringsskanal for populærvitenskapleg innhald om kultur og naturhistorie i Vestland.

Ingen av dei eksisterande portalnamna bør etter gruppa si meining nyttast på ei ny teneste. Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane signaliserer brei leksikalsk informasjon, noko tenesta ikkje representerer. Grind er ei god nemning på inngangen til eit landskap, men blir i dag lett forveksla med ei stor internasjonal teneste for partnarsøk. Dei eksisterande nettadressene kan likevel framleis nyttast for å ruta trafikk til ein ny felles portal, ettersom dei vert nytta som referansar i ulike offentlege og private samanhengar. På sikt må det likevel vera eit mål å fasa desse ut namna ut og skipa ein ny nettidentitet, bygd på nytt namn, ny nettadresse og ny grafisk profil. Dette må ein koma attende til i samband med organisering og lansering av ei ny teneste.

Prosjektorganisering

Det er ulike måtar å organisera eit samarbeidstiltak på, mellom anna som interne funksjonelle prosjekt, som frittståande/sjølvstendige prosjekt eller som matriseprosjekt.

Matriseorganisering er kanskje den mest tenelege organisasjonsforma for dette prosjektet ettersom den i stor grad nyttar kompetanse og ressursar som alt er i eigarorganisasjonane. Prosjektet kan då nytta linjeorganisasjonen sin faglege kompetanse og "kjøpe" tilleggsressursar frå eigen organisasjon og eksterne etter behov.

Prosjekteigarane Universitetet i Bergen og Vestland fylkeskommunen definerer målsettinga med tiltaket og er ansvarleg for langsiktig finansiering gjennom eigeninnsats og øyremerka tilskott til dekning av eksterne kostnader.

Ei **Styringsgruppe** bør settast saman av representantar for leiinga ved Universitetet i Bergen og Vestland fylkeskommune, samt for driftseiningane, Universitetsmuseet i Bergen og Fylkesarkivet i Vestland.

Styringsgruppa sitt mandat bør vera er å sikre forsvarleg fagleg og administrativ drift av samarbeidstiltaket.

Ei **prosjektgruppe** må ha ein utøvande funksjon i prosjektet; økonomisk-administrativt, teknisk tilrettelegging av faginhald, marknadsførig, vidareutvikling, utarbeide søknader om finansiering og kontakt med eksterne leverandørar mv.

Gruppa bør vera samansett av administrativ **prosjektleiar**, prosjektmedarbeidarar, fagkoordinator og eventuelle delprosjektleigarar¹. Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa

Eit **Redaksjonsutval** må klargjere fagleg prioritering, initiera nytt innhald og kvalitetssikra innhald mellom anna gjennom bruk av fagfellevurdering.

Redaksjonsutvalet er tenkt sett saman av **fagkoordinator** og fagpersonar/forfattarar frå utvalde einingar ved universitetet og fylkeskommunen. Utvalet bør ha fagleg autonomi, vera sjølvrekutterande og rapportere til styringsgruppa via prosjektleiar.

Redaksjonsutvalet bør sikra at artiklar held fagleg og formidlingsfagleg høgt nivå, og at dei er i tråd med allmenne forskings- og publiseringsetiske retningslinjer.

¹ Døme på delprosjekt kan vera «Bergen Anno 1320» som er organisert og finansiert av Middelalderklynga, men som publiserer på plattforma i tråd med føremål og retningsliner for prosjektet.

Prosjektet kan inngå **partneravtalar** med relevante institusjonar som til dømes høgskular, arkiv og museum i Vestland - for å gje desse høve til publisering på plattforma i tråd med føremål og retningsliner for prosjektet.

Prosjektmål

Den nye formidlingsløysinga skal vere ein digital publiserings- og publikumsportal for populærvitenskaplege fagartiklar om natur - og kulturhistorie i Vestland. Nettstaden rettar seg mot ålmenne brukargrupper, men skal òg kunne nyttast av spesielle brukerar innanfor utdanning, kultur og reiseliv. Dei sentrale delane av tenesta er kartfesting av innhald og semantisk søk etter kunnskap, i tillegg til å visa veg vidare til andre relevante kjelder i den regionale og nasjonale kunnskapsvegen. I størst mogeleg grad skal innhaldet kunne brukast fritt og knytast til frie lisensar.

Overordna mål

- Å bli den føretrekte og dominerande digitale kunnskapskjelda for natur- og kulturhistorisk informasjon i Vestland fylke.
- Å tilby kunnskapsbasert og kvalitetssikra informasjon om Vestland fylke for alle, lokalt og nasjonalt, heimanfrå eller undervegs, skulelevar, turistar og folk flest.
- Oppnå 1000 daglege besøk i løpet av ein treårsperiode, av dei minst 500 som ikkje går ut etter berre ein side.

Kvalitetsmål

- Oppretthalde dei høge kvalitetskrava frå grind.no og Kulturhistorisk leksikon med omsyn til fagleg nivå, tekstleg- og foto/illustrasjonskvalitet.
- Sikre fagleg og språkleg kvalitet gjennom fagfellevurdering.

Innhaldsmål

- Tidlaust (tilnærma vedlikehaldsfritt) kultur-, natur-, og lokalhistorisk stoff frå Vestland fylke innanfor alle fagområde og tema som gjeld kultur- og naturlandskapet i vidaste forstand.
- Innhald samla i ein felles portal med utgangspunkt i nettstadene Kulturhistorisk leksikon og grind.no.
- Tydeleggjere forskjellige stoffkategoriar (hovudgrupper kulturhistorie, lokalhistorie, naturhistorie) i struktur, brukargrensesnitt og ikonbruk.

Digital plattform og synleggjering av tenesta

For å skape ei god, felles digital formidlingsløysing basert på dei to eksisterande tenester, må ein tørre å legge vekk alt det kjende og starte mest mogeleg med blanke ark. Det er viktig å tenke at ein skal a) skape noko nytt saman og b) legge til rett for best mogeleg digital formidling av innhaldet.

Kva må ein krevje av ei ny fellesløysing?

- Ei ny fellesløysing må spegle heile Vestland fylke.
- Ei ny fellesløysing må innehalde både overordna artiklar som tek føre seg ulike tema, samt meir detaljerte artiklar om enkeltpersonar, kulturminne, hendingar og liknande . Desse kan knytast saman på ulike måtar for å formidle ein heilskap innanfor ulike område.

- Ei ny fellesløysing må innehalde eit godt, dynamisk kart. Både Grind.no og Kulturhistorisk leksikon har eit mål om å kople geodata til mest mogeleg av innhaldet og framstille dette i kart. Brukarar kan finne fram til det dei er på jakt etter med utgangspunkt i kartet.
- Ei ny fellesløysing må ha ein god og naturleg struktur med tanke på tema, geografi og nivå på artiklar. Begge tenestene er i dag bygd opp rundt ulike tema og emneord. Grind.no har fleire overordna temaartiklar, medan Kulturhistorisk leksikon har meir konkret, detaljert og lokalt innhald.
- Ei ny fellesløysing må legge til rette for gjenbruk og deling av innhald, mellom anna gjennom bruk av opne lenka data, fribrukslisens på så mykje som mogeleg og gode ontologiar/vokabular.
- Ei ny fellesløysing må vere tilpassa eit digitalt publikum. Tekstar og bilete må vere av god kvalitet, og artiklane må vere forståelege for folk flest.
- Ei ny fellesløysing må ha ein tydeleg logo og eit innbydande design som både UiB og fylkeskommunen kan kjenne seg igjen i.

Web-venleg format

Partane skal tilby ei digital kjelde til kunnskap innanfor felta kulturhistorie, naturhistorie og lokalhistorie i Vestland fylke. Innhaldet i tenesta skal presenterast og lesast på små og store skjermer, og både løysinga og tekstane må tilpassast dette. Titlar og ingressar må tilpassas webpublisering. Det kan også bli nødvendig å gjere ein jobb for å sikre at alle artiklar har gode illustrasjonsbilete. Sjølv innhaldet i artiklane skal sjølvsagt ikkje redigerast eller endrast.

Det er viktig at det vert lenka vidare til andre relevante kunnskapskjelder på nett, og om mogleg at andre lenkar til den nye tenesta. Dette vil mellom anna bidra til at tenesta vår vert meir synleg og vert betre rangert av søkemotorar på nett ved hjelp av søkemotor optimalisering.

Som offentlege aktørar er det viktig at partane bidreg til å gjere innhaldet så tilgjengeleg som mogeleg. Vi bør bruke fribrukslisensar på bilete når vi kan, slik at desse kan nyttast av andre.

Målgruppetilpassing

Utgangspunktet for tenesta eit ønskje om å nå «alle» eller «folk flest». Det vil både vere ressurskrevjande og ikkje heilt naturleg å tilpasse den til bestemte målgrupper. Det er betre at ein lagar ei enkel og logisk landingsside der alle kan finne fram til det dei leitar etter, uavhengig av akademisk nivå. Vidare kan ein derifrå plukke ut relevant innhald og formidle dette på ulike måtar mot ulike målgrupper.

Funksjon og struktur

Hovudfunksjon 1: Finn i kart

Veldig mange av eksisterande artiklar er kartfesta, noko som må dyrkast vidare. Kart som inngang til kunnskap er veldig spennande, og kartet bør difor vere ein av hovudfunksjonane på landingssida – eit stort kart der ein kan søke seg fram til staden ein er interessert i.

Hovudfunksjon 2: Søk

I dag brukar dei aller fleste fritekstsøk når dei er på jakt etter noko på nett. Verbet «å google» har vorte ein naturleg del av språket vårt. Dette må vere ein hovudfunksjon på ei side med så mykje ulikt innhald. Eit slikt fritekstsøk vil, i prioritert rekkefølgje, søke i

1. titlar
2. emneord
3. ingressar
4. bilettekst
5. artikkelttekst

I eit avansert søk vil ein kunne filtrere på kommune, region og tema/emneord.

Forenkle sideoppsettet

Liste opp og liste ned med ulike kategoriar og tema vert unødvendig komplisert for dei aller fleste som er på jakt etter kunnskap på nett. Det gir meir mening å navigere ved hjelp av emneord og kunne avgrense treff i eit søk.

Vi må hugse at vi samlar innhaldet vårt i ei felles teneste fordi vi meiner det gir mening å presentere stoffet samla. Då må vi passe oss for å ikkje forsøke å gi publikum fleire sider/tenester på ein gong.

Vi bør gå over frå å bruke tema- og kommuneinndeling på sida til å bruke emneord. For å gjere dette best mogeleg må vi ha ei emneordliste. Denne kan sjølvsagt tilpassast og redigerast, men det kan ikkje vere fritt fram å bruke tilfeldige emneord.

Temaartiklar som ikkje er kartfesta kan samlast under ei menyoverskrift:

«Oversiktsartiklar», «Bakgrunnsartiklar» eller liknande. Men det er viktig at dette vert formidla som ei artikkelsamling på sida, ikkje som ei eiga side. Vi trenger ikkje eigen meny for desse tema-artiklane.

Vi kan gjerne bruke eigne symbol for temaartiklar (eit felles, ikkje basert på fag/tema) og kommunevåpen fungerer bra for kommuneartiklar. Viss vi skal bruke ulike symbol på artiklar i kart må vi avgrense desse til å skilje mellom natur-, kultur- og lokalhistoriske artiklar. Meir enn dette kan verte vanskeleg både for redaksjonen og lesarar.

Synleggjering og formidling

For å nå målgrupper til dømes innanfor utdanningssektoren, lokalhistorieinteresserte og andre kunnskapssökande, er det viktig å presentere innhaldet der folk allereie er, både på nett, men også fysisk. Det kan vere aktuelt å samarbeide med bibliotek eller lokale sogelag/historielag om foredrag eller andre arrangement.

For å nå ut til dei som er på jakt etter digitale kjelder kan det også vere nyttig å synleggjere tenesta vår som kjelde på wikipedia og lokalhistoriewiki. Kanskje kan vi knyte tettare band til lokalhistorisk institutt ved Nasjonalbiblioteket eller Wikimedia Norge. Det å legge fribrukslisens på delar av innhaldet vil også gjere oss meir attraktive for ein del digitale brukarar.

Det er krevjande å få ein fot innanfor i skuleverket, men det kan vere veldig nyttig å setje saman ei formidlingspakke til skulane. Denne kan tilpassast ulike alderstrinn og ulike

fagområde. Tverrfagleg arbeid og digitale verktøy er noko alle skal lære om. Om vi lagar noko som lærarane kan ta i bruk utan for mykje tilpassing, kan dette fungere bra.

Det at artiklane våre er kartfesta er noko vi kan profilere meir overfor reiseliv og turlag. Det er relativt enkelt å arrangere tematurar med utgangspunkt i våre artiklar.

Oppsummering og tilråding

Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen har begge ei målsetjing om å formidle kunnskap om vår felles natur- og kulturarv på den digitale allmenningen.

Vestland har mykje unik natur- og kulturhistorie. Det må vere ei målsetjing at flest mogeleg kjenner denne og forstår korleis vi er forma av historia vår, både lokalt og heilskapleg. Dei to eksisterande tenestene Grind.no (www.grind.no, UiB frå 2009) og Kulturhistorisk leksikon (leksikon.fylkesarkivet.no, Fylkesarkivet, frå 1998) har mykje til felles, og presenterer natur- og kulturhistoria frå dei to tidlegare, og nye Vestland fylka, på ein god måte. Arbeidsgruppa som har vurdert vidareutvikling av dei to tenestene er difor samde om å tilrå ovanfor eigarane, Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen, at tenestene frå 2022 vert slått saman til ein nettstad under ny nemning.

NNNN.no

og at partane gjennom eit fellesprosjekt tek ansvar for drift og vidareutvikling av den nye nettstaden om digital kunnskap om natur- og kulturhistorie i Vestland.

Bergen/Leikanger 23.04.20

Arnt Ola Fidjestøl, Sigrun Espe, Per Olav Bøyum, William Helland-Hansen, Camilla Ahmat, Jo Høyler, Knut Olav Aslaksen

Vedlegg: Skisser/mock-up

Enkle skisser, utan namn og grafisk profil, for å vise korleis dei ulike sidene (1: landingsside, 2: side for å finne ein stad, 3: side for temaartiklar) kan struktureraast.

Oppdag historien, landskap og kulturminner fra Vestland

Hva leter du etter? Q

Søk i kart →

Hva er du interessert i?

AktivitetAnleggArkeologiBedrift/organisasjonBerggrunnBygningDyrelivFolk og samfunnHendelseInstitusjon

KulturproduktKjørerute og fartøyLandskapMinnesmerkePerson og slektSpråkSamferdselSted og områdeVær og klima

SAMFERDEL

Flåmsbanen bygget 1923 - 1940

ARKEOLOGI

Arkeologisk spennende funn fra vikingtiden

BYGNING

Historisk bygning


HENDELSE

Viktig hendelse kommer her og kan være så lang

Kategori

- Arkeologi (843)
- Berggrunn (43)
- Busetnad, bygd, by (321)
- Dyreliv (73)

Vis alle



1

2

3

4

Tidstrøm

Sted

Grense/kartlag???

NAVN PÅ NETTSTED

Nytig snarvei kommer her
Snarvei til øyttig innhold
Om prosjektet
Personvern og cookies

REDAKSJON

William Holland-Hansen (Ansvarsholder) Jostein Bakke Gør Atle Erland	William Holland-Hansen (Ansvarsholder) Jostein Bakke Gør Atle Erland
Logg fra til	

SORTER ETTER ▾



Askvoll i vikingtida

SLAG I BUSTAD, BYGD BY
ASKVOLL VIKINGETIDEN

STED ▾

Minnestein på Hjelle om
gravfunn frå vikingtidaMONUMENT I ARKEOLOGI I EID
VIKINGETIDENThe Steine - minnestein
om vikingtida i Dublin

KATEGORI ▾

- Arkeologi
- Bergen Anno 1320
- Berggrunn
- Busetnad, bygd, by
- Dyreliv
- Folk og samfunn
- Industri, energi og
naturressursar
- Kyrkje, kloster, kristendom
Landskap
- Museum, natur- og kulturvern
- Nærings- og handverk
- Planteliv



TYPE INNHOLD ▾

TIDSROM ▾



GRAVMINNE I KVAM



Kjøkenreiskap og matstell